Behovsanalyse 2026 - 2040

Strategisk kunnskapsgrunnlag for helse og velferd i Øygarden kommune

Føremål med behovsanalysar



Behovsanalysen skal gje eit samla, oppdatert og strategisk kunnskapsgrunnlag for planlegging av investeringar innan helse og velferd fram mot 2040.

Føremålet er å sikra forsvarleg kapasitet i helse- og omsorgsbygg både på kort og lang sikt.

Behovsanalysen omfattar:

- Heildøgns omsorgsplassar for eldre
- Bustadar med heildøgns omsorg for personar med nedsett funksjonsevne
- Avlastningsbustadar for barn
- Bustadar tilrettelagt for heildøgns tenester for personar med rus og/eller psykiatri-utfordringar

OPPSUMMERING AV BEHOVET



Eldre (80+)

Talet eldre vert dobla fram mot 2040. Krev om lag 200 nye heildøgns omsorgsplassar



Økonomisk dreiing

Behov for å dreia mot fleire heildøgns omsorgsbustadar for å sikra berekraft i tenesta



Yngre vaksne

Stort behov for autismevenlege bustadar framover. På kort sikt behov for 14 omsorgsbustadar til MMNF



Avlastning barn

Etablering av 10 nye avlastningsplassar for å avlasta pårørande med tunge omsorgsoppgåver

Framtidig behov for heildøgns omsorgsplassar for eldre

Kva driv behovet for nye helse- og omsorgsbygg til eldre framover?

- Generell befolkningsvekst
- Sterk vekst i dei eldste aldersgruppene
- Fleire år med hjelpebehov
- Behov for å erstatta nokre av dagens bygg

Vi vert om lag 5 000 fleire fram mot 2040

For å sei noko om framtida er det nødvendig å nytta befolkningsprognosar. I denne behovsanalysen har vi brukt befolkningsprognosar utarbeidd av Norconsult i mai 2024.

Figuren til høgre viser at Øygarden kommune vil veksa vidare fram mot 2040, frå om lag 40 600 til 45 800 innbyggjarar. Dette er ein moderat vekst på nær 13 prosent.

Det er viktig å hugsa på at prognosar alltid inneber usikkerheit. Usikkerheita aukar naturleg nok jo lenger fram i tid vi ser.



Figur 1, henta frå Norconsult-prognose frå mai 2024

Kommunen veks – men vert vesentleg eldre

Figuren til høgre viser at den største endringa kjem i dei eldste aldersgruppene. Talet på personar over 67 år aukar frå om lag 6 300 i 2026 til nær 9 900 i 2039, ein vekst på rundt 58 prosent. Auken er endå sterkare for dei over 80 år, som meir enn doblar seg.

Utviklinga heng saman med høgare levealder og store etterkrigskull som blir eldre. Samtidig er dette i stor grad innbyggjarar som allereie bur i kommunen, noko som gjer utviklinga relativt føreseieleg.

Barn og unge er stabile eller svakt fallande, medan veksten i yrkesaktiv alder er avgrensa.

Samla betyr dette at veksten i kommunen i stor grad kjem blant dei eldste, medan gruppa som skal levera tenester ikkje aukar tilsvarande.



	0 år	1-2 år	3-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-29 år	30-39 år	40-49 år	50-59 år	60-66 år	67-69 år	70-79 år	80 år og over
2026	399	783	1350	3632	1673	2232	4676	5345	5433	5600	3252	1193	3424	1649
2031	451	903	1314	3187	1616	2199	4668	5137	5870	5488	3932	1397	3745	2479
2035	491	1016	1475	3223	1514	2096	4820	5216	5989	5585	3968	1677	4148	2958
2039	499	1043	1584	3515	1438	1990	4707	5411	5953	5927	3869	1737	4734	3407

Figur 2, framskriven folkemengde fordelt på ulike aldersgrupper. Kjelde: Norconsult (2024)

Fleire leveår gir lengre behov for hjelp

Levealderen aukar, og dette er ei positiv utvikling. Samstundes viser nasjonale analysar at forventa friske leveår ikkje aukar like raskt som levealderen.

Det betyr at fleire vil leva lenger med sjukdom, funksjonstap og behov for oppfølging.

I dag er dei største folkehelseutfordringane knytt til kroniske lidingar som:

- psykiske plager
- muskel- og skjelettlidingar
- andre ikkje-smittsame sjukdommar

Desse gir i hovudsak langvarige behov for tenester, ikkje korte behandlingsløp.



Figur 2, forventa levealder og forventa friske leveår for kvinner og menn i Noreg, 1990 – 2023. Kjelde: GBD 2023, Del 3: De store utfordringene for folkehelsen - FHI

Behov for å erstatta dagens bygg

- Fjell sjukeheim og Straume-bu og servicesenter er mest kritisk i forhold til tilstand

- Sundheimen og Tednabakkane ligg inne med større vedlikehaldsbehov frå om lag 2040

Dagens kapasitet – Heildøgns omsorgsplassar for eldre

Per i dag har kommunen 244 heildøgns omsorgsplassar for eldre. Dette gir ein dekningsgrad på om lag 15 prosent i aldersgruppa 80 år og eldre.

Kapasiteten fordeler seg slik:

- 180 sjukeheimsplassar
- 64 omsorgsbustadar med heildøgns tenester

Det er allereie vedteke tiltak som vil auka kapasiteten dei næraste åra:

- Omgjering av 20 plassar ved Hidlamyra (åtte er allereie gjennomført)
- Bygging av 40 omsorgsbustadar tilrettelagt for heildøgn - ferdigstilt i 2028
- Bygging av ny sjukeheim med 80 plassar, ferdigstilt i 2030



ØYGARDEN

Framtidig behov for kapasitet, utrekninga ved tre ulike scenario

Ny prognose for heildøgns omsorgsplassar (grøn søyle) skil seg noko ut frå tidlegare prognosar. Figuren til høgre syner framtidig behov for heildøgns omsorgsplassar, fordelt på tre ulike scenario:

1. Gjennomføringsplanen vedteken i 2021, basert på SSB hovudalternav og 20 prosent dekningsgrad i aldersgruppa 85+ (grå søyle).

2. Behovsanalysen frå 2023, basert på SSB hovudalternav og 16 prosent dekningsgrad i aldersgruppa 80+ (gul søyle).

3. Ny prognose basert på Norconsult folketalsprognose frå 2024, og 16 prosent dekningsgrad i aldersgruppa 80+ (grønn søyle).



Figur 5, framskriven behov for heildøgns omsorgsplassar, samanlikna med tidlegare scenario.
Kjelde: Norconsult og SSB.

Stort gap mellom dagens kapasitet og framtidig behov

Figuren syner utviklinga i behov for heildøgns omsorgsplassar for eldre fram mot 2039, samanlikna med dagens kapasitet inkludert vedtekne tiltak, basert på ein dekningsgrad på 16 prosent. Allereie i dag ligg kommunen under denne dekningsgraden, med eit avvik på om lag 20 plassar. Dette merkast godt i tenestene, mellom anna gjennom press på kapasitet og utfordringar med å ta imot utskrivingsklare pasientar.

Med vedtekne tiltak vil kommunen nærma seg tilrådd nivå rundt 2030, men dette er berre ein kortvarig situasjon. Etter 2030 vil behovet igjen veksa raskare enn kapasiteten, og gapet aukar fram mot 2040. Tala i figuren omfattar samla behov for både sjukeheimsplassar og omsorgsbustadar.

Totalt sett er det behov for ein auke på over ein auke på rundt 170 plassar fram mot 2040, utover allereie vedtekne tiltak. Behovet vil vera større enn det figuren syner, då det vil vera behov for å fleire av dagens plassar grunna levetid på bygga. Det samla behovet for nye plassar utover vedtekne tiltak utgjer dermed over 200.



Kva retning bør vi gå framover?

Ein auke på over 200 nye heildøgns omsorgsplassar fram mot 2040 inneber store investeringar for kommunen. Framover vert det difor viktig å arbeida langsiktig og strategisk for å realisera dette på ein berekraftig måte

PwC tilrår kommunen å gå for 20 prosent dekningsgrad, der plassane i 2040 er fordelt likt mellom sjukeheim og omsorgsbustad. I dag er det derimot svært ulik dekningsgrad på desse to nivåa, der dekningsgraden for sjukheim ligg på 11 prosent, og dekningsgraden for omsorgsbustadar tilrettelagt for heildøgns omsorg ligg på fire prosent.

PwC tilrår difor ei gradvis omstilling fram mot 2040:

- 12,5 prosent dekningsgrad for sjukeheim fram til og med 2031, deretter 10 prosent
- 7,5 prosent dekningsgrad for heildøgns omsorgsbustad til og med 2031, deretter 10 prosent.

Ei planlagt dreiing mot fleire omsorgsbustadar tilrettelagt for heildøgn er viktig for å sikra eit meir økonomisk berekraftig bustadtilbod i kommunen. Det handlar om at omsorgsbustadar tilrettelagt for heildøgns tenester har ein anna økonomisk innretning som gjer det rimelegare å drifta samanlikna med sjukeheim.

Tilrådd dekningsgrad framover vil bli nærare vurdert ved neste revisjon av behovsanalysar, i 2027.

Endring fra nåsituasjon i 2040 for hvert scenario



	Scenario 1 (nåsituasjon**)	Scenario 2
	Dekningsgrad Sykehjem 13 HDO* 4,6 Totalt 17,6	Dekningsgrad Sykehjem 12,5 HDO* 7,5 Totalt 20,0
Plasser i sykehjem	+ 253	+ 237
Plasser i heldøgnsbemannede omsorgsboliger	+ 89	+ 188
Plasser totalt	+ 343	+ 425
Brukere i hjemmetjenesten	+ 471	+ 471
Totalt antall brukere	+ 814	+ 896
Kostnader	+ 347 MNOK	+ 228 MNOK
Årsverk	+ 323	+ 226

*HDO: Heldøgnsbemannede omsorgsboliger **Dekningsgrader for 2024 gitt tilsvarende antall plasser som rapportert for 2023

Strategiske grep

1. **Rett omsorgsnivå til rett tid** – institusjonsplassar skal reserverast dei med størst og mest samansett behov
2. **Heilskapleg bustad- og innsatstrapp** – tidleg og riktig innsats skal redusera behovet for hjelp lenger oppe i trappa
3. **Auka satsing på heimetenesta** – med blant anna etablering av forsterka innsatsteam
4. **Mobilisering av lokalsamfunn -** for å legga til rette for sosiale møteplassar, betre meistring og livskvalitet
5. **Samlokalisering og fleksibilitet** – bygg som kan endra funksjon over tid
6. Økt bruk av **meistrings- og tryggleiksskapande teknologi**



Oppsummering – behov for kapasitet framover

- Kommunen ligg allereie i dag under tilrådd kapasitet, med eit konkret underskot på plassar
- Behovet aukar betydeleg fram mot 2040, driven av sterk vekst i tal eldre
- Vedtekne tiltak vil gi midlertidig balanse rundt 2030, før gapet aukar på nytt
- Reell kapasitet vil vera lågare enn vist, då eksisterande bygg må erstattast

Samla peikar analysen på:

- Behov for rundt 20 plassar på kort sikt (tidskritisk)
- Betydeleg investeringsbehov på lengre sikt, og særleg etter 2030

Allereie vedtekne tiltak:

- Omgjering av ytterlegare 12 omsorgsbustadar til heildøgns plass ved Hidlamyra - 2026/2027
- Kjøp av 40 nøkkelferdige omsorgsbustadar tilrettelagt for heildøgns omsorg – 2028
- Ny sjukeheim på Straume med 80 plassar - 2030

Ytterlegare behov:

- Etablera 20 heildøgns omsorgsplassar i tilknyting til eksisterande tenester – snarast mogleg. Dette behovet kjem som følgje av at omgjering til heildøgns bustadar på Straume bu- og servicesenter ikkje lot seg gjennomføra.
- Etablera 40 omsorgsbustadar i tilknyting til eksisterande tenester – 2032
- Behov for ytterlegare 120 – 150 plassar for å handtera vekst i eldre og behov for å erstatta eldre helsebygg i perioden 2030 - 2040

Framtidig behov for bustadar med heildøgns omsorg til personar med nedsett funksjonsevne

Dagens kapasitet

Kommunen gir bu- og oppfølgingstenester til om lag **100 personar med nedsett funksjonsevne**

Bustadtilbodet er sett saman av:

- Døgnbemanna bufellesskap
- Omsorgsbustadar med personalbase
- Privat bustad med oppfølging

Felles for alle bustadane er at dei er tilrettelagt for hjelp gjennom døgnet.

Viktig innsikt:

- Det er stor variasjon i hjelpebehovet hos personar som bur i desse bustadane
- Fleire bur i bustadar som ikkje er fagleg eigna, noko som aukar ressursbruk
- Tenestene er personellkrevjande og komplekse



Kva driv behovet framover?

Tall brukarar i framtida er usikker

Tabellen under viser at det er venta ein vekst på rundt nær 1 800 innbyggarar i aldersgruppa 16-66 år. Det å lena seg til framskriving ut frå demografi har tidlegare vist seg å ha dårleg treffsikkerheit. I slike tilfelle er det meir nyttig å støtta seg til innsikt og kjennskap til dei brukarane som i dag mottek tenester frå kommunen. Barn som i dag mottek avlastning i eigen heim eller i kommunale bustadar vil til dømes truleg vera brukarar av tenester hos MMNF når dei vert vaksne. Framskrivingar av behova er difor basert på innsikt om dagens brukarar. Sjølv om dette kan vera meir treffsikkert enn dekningsgrad ut frå befolkningsframskrivingar, er det likevel viktig å understreka at behovet framleis er usikkert og må reviderast jamleg.

Utviklingshemma lev lenger

Forventa levealder har auka den siste tida, og for dei med utviklingshemming. Sjølv om det er store variasjonar, vil mange med funksjonshemmingar nå same levealder som befolkninga elles. Denne gruppa vil også kunna få somatiske og kognitive sjukdomar, og kan ha behov for til dømes plass på sjukeheimar. Auka levealder påverkar også framtidig behov for heildøgns omsorgsbustadar for denne målgruppa.



Figur 3, framskriven folkemengde i aldersgruppa 16-67 år. Kjelde: Norconsult (2024)

Medisinske framsteg påverkar framtidig tal på brukarar med utviklingshemming

Fleire kommunar opplever ein auke i talet på multifunksjonshemma barn og unge som har relativt store hjelpebehov. Dette kjem som følgje av medisinske framsteg og nye behandlingsmetodar som gjer at fleire barn med medfødt eller erverva alvorleg skade eller lidingar overlever. Teneste rapporterer også om ein auke i talet på barn og unge som har åtferdsutfordringar. Dette kan til dømes vera barn med autismediagnosar, som treng hjelp til åtferdsregulering, aktivisering og sosialisering.

Framtidig behov

Fram mot 2040 vil det vera behov for **28 plassar i døgnbemanna bufellesskap**, fordelt slik:

Behov for 14 plassar på kort sikt (0-3 år)

- Fem vaksne står på venteliste
- Ni personar over 18 år med eit forventa behov

Lengre sikt (3–10 år): 14 plassar

Desse behova kjem i tillegg til dei 8 plassane som er under etablering (døgnbemanna bufellesskap på Terna).

Behovet på lengre sikt vil vera høgare. Dette vil tenestene kartlegga vidare fram mot neste behovsanalyse i 2027. Dette handlar i hovudsak om at vi ser ein stor vekst i barn med autisme. Dette bilete vert også stadfesta av oppvekstsektoren.

For denne målgruppa er behovsvurderingane ikkje basert på prognosar eller dekningsgrad, men på konkret kartlegging av enkeltbrukarar og kjennskap til deira behov. Dette gir eit godt og relevant bilete av situasjonen på kort sikt, men inneber samstundes ei viss grad av usikkerheit. Særleg gjeld dette vurderingane av framtidig behov, der det er krevjande å føreseia korleis behovet vil utvikla seg for barn og unge over tid, både når det gjeld funksjonsnivå, meistring og buform.

Trass i denne usikkerheita er det avgjerande at kommunen arbeider systematisk med å utvikla og oppdatera oversikt over behova. Eit godt og tilpassa bustadtilbod er avgjerande både for den enkelte sin livskvalitet og sjølvstende, og for å avlasta pårørande som over tid har hatt omfattande omsorgsoppgåver for barn og unge med nedsett funksjonsevne.

Framtidig behov for avlastningstilbod for barn

Dagens kapasitet

Det er i dag om lag 50 barn som har innvilga privat avlastning. I tillegg har Øygarden kommune fire avlastningsinstitusjonar for barn med særskilte behov. Desse tek samla imot rundt 57 barn og unge.

Alle avdelingane er fulle, og det er ingen ledig kapasitet. Det er ventelister fleire stader, med særleg stort press på Gullfjellbasen.

Avlastningstilbodet blir i dag i praksis brukt til meir enn rein avlastning. Fleire fagmiljø etterspør plass fordi arbeidet som blir gjort i avdelingane gir gode resultat for barna.

Kommunen kjøper i dag avlasting for fire barn med full dekning, samt for ein vaksen person som ventar på bustad. Omfanget av avlastning blir vurdert individuelt i kvar sak, basert på behovet til barnet og den samla situasjonen i familien. Dette kan variere frå 12 døgn per år til opptil 50 prosent avlastning for familiar med størst omsorgsbelastning.

Ein sentral utfordring er mangelen på eigna bustader for unge vaksne. Når desse blir verande i avlastningsbustadene, bind det opp kapasitet som elles kunne ha vore brukt til barn med store behov. Dette skapar ein flaskehals i systemet, og kan i nokre tilfelle føre til at kommunen må kjøpe eksterne tenester.

ØY GARD EN

Kva er avlastingstilbod for barn og unge?

Avlastningstilbod gir barn og unge med omfattande hjelpebehov eit midlertidig bu-tilbod utanfor heimen

Dette gir foreldre eit nødvendig avlastning for store omsorgsoppgåver.

Føremålet er å :

- Sikra betre livskvalitet og meistring for barnet
- Redusera belastning på familie og pårørande
- Legga til rette for at barnet kan bu heime lengst mogleg

Behov framover

Tenestene vurderer at det er behov for å framskaffa om lag 10 plassar i avlastningsbustad på kort sikt.

Behova fordeler seg på to litt ulike målgrupper:

Behov for utviding av ordinær avlastningskapasitet

- Om lag fem plassar i eit ordinært avlastingstilbod, retta mot barn og unge, og særskilt dei med autismespekter-diagnosar.

Behov for utviding av ordinær avlastningsbustadar

- Inntil fem plassar i eit nytt avlastningstilbod, retta mot barn og unge som har vedtak frå både barnevernet og helse og velferd sine tenester. Dette tilbodet er vurdert til å hasta mest, og er eit tilbod vi i dag ikkje har.

Kapasiteten i avlastningstilbodet er i dag fullt utnytta, og fleire barn bur heilt eller delvis i avlastningstilbod grunna mangel på eigna bustad.

Konsekvensar av manglande kapasitet:

- Pårørande får mindre nødvendig avlasting
- Auka belastning og slitasje i familiane
- Fleire barn får eit bu-tilbod som ikkje er tilpassa behovet
- Risiko for behov for meir omfattande og kostnadskrevjande tiltak på sikt.

Det kan vera vanskeleg å framskriva dette behovet, og behovet bør difor vurderast jamleg.

Oppsummering – behov for bustad og avlastning framover

- Det er allereie i dag eit tydeleg underskot på kapasitet, både for vaksne med behov for døgnbemanna omsorgsbustadar og barn med behov for avlasting
- Manglande kapasitet fører til at fleire står utan tilpassa tilbod, og gir auka belastning i tenestene og for pårørande.
- Manglande kapasitet kan også medføra kjøp av eksterne plassar, som kan innebera auka driftsutgifter

- Tala er usikre, og må reviderast i 2027.
- Viktig med god dialog med interesseorganisasjonar og råd for personar med nedsett funksjonsevne ved utarbeiding av ny behovsanalyse.

Allereie vedtekne tiltak:

- Åtte plassar i bufellesskap (Terna) - 2027

Ytterlegare behov:

- Etablera nytt avlastningstilbod med fem plassar for barn og unge med vedtak frå både barnevernet og helse og velferd – snarast mogleg
- Etablera 8 plassar i bufellesskap med base – 2027
- Utvida avlastningskapasiteten for barn med fem plassar – 2030
- Etablera inntil 16 plassar i bufellesskap med base på lengre sikt - 2034

Framtidig behov for bustadar tilrettelagt for heildøgns omsorg for personar med rus- og psykiske helseutfordringar

Kort om målgruppa og ulike bustadtypar

Kommunen har eit omfattande ansvar for teneste til personar med rusrelaterte og/eller psykiske lidingar. Det er kommunane sjølve om avgjer korleis dei ønsker å organisera tenesta.

I Øygarden kommune er det eininga psykisk helse og rus som følgjer opp personar med helseutfordringar innan rus og psykisk helse. Dei gir teneste til om lag 550 – 600 personar. Over 400 av desse personane får oppfølgingstenester, og har moderate til alvorlege lidingar, enten i form av rus eller psykiatri, eller begge deler. Innan denne gruppa vil dei med størst bu- og leveutfordringar trenga omsorgsbustadar med heildøgns bemanning. Andre personar, som gjerne har kortvarige moderate og lette lidingar, kan få eit betre bu-tilbod i ein eigen frittliggande bustad med ambulant oppfølging, og å delta på andre gruppetilbod og aktivitetar.

Det er store variasjonar blant dei som får oppfølging av eininga rus og psykisk helse. Under vert hovudforløpa grovt skissert. Behovsanalysen vil i hovudsak fokusera på behova knytt til hovudforløp 2 og 3.

1. **Hovudforløp 1** er retta mot personar med milde og kortvarige problem, og vert ivareteke i hovudsak av rask psykisk helsehjelp med kursverksemd, gruppetilbod og noko individuell oppfølging.

2. **Hovudforløp 2** er retta mot personar med kortvarige og alvorlege problem/lidingar og langvarig mildare problem/lidingar. Denne gruppa vert i hovudsak ivareteke av oppfølgingstenesta og er heimebuande. Gruppa har også tilbod via mottak- og oppfølgingssenter og dagsenter.

3. **Hovudforløp 3** er retta mot personar med alvorlege og langvarige problem/lidingar. Her inngår alle bufellesskapa. Gruppa har også tilbod hos oppfølgingstenesta, i tillegg til at nokre nyttar seg av dagtilbod.

Dagens kapasitet

Eksisterande bustadmasse	Kapasitet
Kjøpte heildøgns omsorgstenester	3-5
Døgnbemanna bufellesskap (ROP)	20 plassar
Bufellesskap med base	27
Sum plassar med heildøgns bemanning	**51**
Andre bustadtypar	
Robustbustadar (under planlegging)	10
Kommunale leilegheiter og/eller midlertidig bustadar	50
Sum andre bustadtypar	**60**

Som tabellen viser disponerer kommunen 51 omsorgsbustadar med heildøgn bemanning til denne gruppa. Dette er eit bu-tilbod for personar som har omfattande hjelpebehov. Alle desse er omsorgsbustadar der den enkelte er tildelt omsorgsbustadar etter søknad, og dei får teneste individuelt etter behov. Begge tenestene, bustad og oppfølging, er utforma i vedtak. I tillegg disponerer kommunen 60 andre bustadtypar i form av robustbustadar eller andre kommunale bustadtypar, der hjelpa kan tilretteleggast ut frå behov.

Det er avgjerande å sikra tilstrekkeleg kapasitet på tilrettelagte og bemanna bustadar for innbyggarar med store og samansette funksjonsutfordringar. Dette er nødvendig for å sikra ei fagleg forsvarleg teneste. I tillegg er det viktig at kommunen sikrar god differensiering i bustadtilbodet også for denne gruppa, slik at ein kan nytta bu-tilbodet meir fleksibelt og tilrettelagt for den enkelte.

Bustadtrapp som skisserer ulike bustadtypar- og behov for personar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse (under utarbeiding)



Framtidig behov

Kommunen har over tid mangla eit godt tilbod for personar som har behov for eit skjerma og robust bustadtilbod. Det er anskaffa seks robustbustadar, og det vert arbeidd med å få desse på plass så snart som mogleg.

Når robustbustadane er kome på plass vil det frigjera kapasitet i andre bustadar. På bakgrunn av dette er det ikkje vurdert behov for andre bustadtypar på kort sikt.

Ei kartlegging viser likevel at det vil vera behov for å etablera eit heildøgns bustadtilbod rundt 2034 for å møta behovet på sikt. Denne kan etablerast som omsorgsbustadar i bufellesskap med base, med om lag 6-8 bustadar.

Det estimerte behovet er basert på tre føresetnadar

- Det vert fortsatt fokus på lågterskelaktivitetar, som til dømes mottaks- og oppfølgingssenter og dagsenter. Dette er avgjerande for å sikra at brukarane får tilstrekkeleg hjelp og sosiale møteplassar, som igjen vil gjera at dei meistrar eigne liv lengst mogleg.
- Forventa behov for heildøgns omsorg er vurdert for dei som har store og omfattande omsorgsbehov
- Meir fleksible bruk av bustadporteføljen til kommunen.
- Det vert arbeidd godt med det totale bustadtilbodet i kommunen, slik at flest mogleg kan eiga eller leiga eigne bustadar.
- Oppretting av bustadkontor og oppfølging gjennom Housing First, som eit viktig verkemiddel for å sikra god oppfølging av brukargruppa. Det vil igjen redusera behovet for heildøgns bustadtilbod.

Samla behov innanfor helse og velferd

Oppsummert nye behov for alle målgrupper

Behov	Skildring	Målgruppe	Tal	Kva tid
Robustbustadar	Etablering av forsterka bustadar – **politisk vedteke**	Personar med helseutfordringar innan rus og psykiatri	6	2026
Heildøgns omsorgsbustadar	Omgjering av ytterlegare 12 omsorgsbustadar på Hidlamyra til heildøgns omsorgsplassar – **politisk vedteke**	Eldre med vedtak om heildøgns tenester	12	2026-2027
Heildøgns omsorgsplassar	Behov for økt kapasitet for å handtera utskrivingsklare pasientar og sikra riktig dekningsgrad	Eldre med vedtak om heildøgns tenester	20	Snarast mogleg
Avlastningsbustad med base	Nytt avlastningstilbud for barn og unge med vedtak frå både barnevernet og helse og velferd.	Barn og unge med vedtak frå både barnevernet og helse og velferd	4-5	Snarast mogleg
Heildøgns omsorgsplass i bufellesskap med base	Etablering av tilbod i tidlegare Terna barnehage – **politisk vedteke**	Unge vaksne med funksjonshemmingar	8	2027
Omsorgsbustadar tilrettelagt for heildøgns omsorg	Etablering av 40 omsorgsbustadar tilrettelagt for heildøgns omsorg for eldre – **politisk vedteke**	Eldre med vedtak om heildøgns tenester	40	2028
Etablera avlastnings-tilbod for barn/unge	Utvida dagens avlastningskapasitet for barn og unge	Barn og unge	5	2028/2029
Heildøgns omsorgsplass i bufellesskap med base	Heildøgns tilbod i bufellesskap med base. Prosjektet kan realiserast ved at kommunen bygger, eller gjennom samarbeid med private aktørar.	Vaksne med funksjonshemmingar	14	2028/2029
Sjukeheim	Etablering av 80 plassar i institusjon / sjukeheim – **politisk vedteke**	Eldre med vedtak om heildøgns tenester	80	2030
Heildøgns omsorgsplass i bufellesskap med base	Heildøgns tilbod i bufellesskap med base. Prosjektet kan realiserast ved at kommunen bygger, eller gjennom samarbeid med private aktørar.	Vaksne med funksjonshemmingar	14	2031
Heildøgns omsorgsbustadar	Utvida kapasitet i omsorgsbustadar tilrettelagt med heildøgns omsorg – i nærleik av eksisterande tenester	Eldre med vedtak om heildøgns tenester	40	2032
Heildøgns omsorgsbustadar	Omsorgsbustadar i bufellesskap med base	Personar med helseutfordringar innan rus og psykiatri	6-8	2034
Heildøgns omsorgsbustadar	Etablera heildøgns omsorgsplassar og/eller sjukeheimsplassar	Eldre med vedtak om heildøgns tenester	80	2030 - 2040

Usikkerheit

- Som nemnt vil det vera usikkerheit knytt til behovet. Det kan vera risiko for at vi undervurderer behovet lengre ute i perioden. Behovsanalysen bør difor reviderast innan seinast to år.

- Tenestene rapporterer om usikkerheit særleg knytt til barn som får oppfølging av barnevernet, og har behov for bustadtilbod tilrettelagt for oppfølging. Dette behovet vert utgreidd nærare. Det kan difor koma endringar i behovsanalysen for denne målgruppa i løpet av arbeidet med budsjett- og økonomiplan.

- I det følgjande vert estimert kostnad for dei ulike behova gjort greie for. Det presiserast at dette er grove tal, basert på erfarings- og nøkkeltal. Det er først når dei ulike prosjekta vert politisk vedteke i økonomiplanen at endelege investeringsramme vert tildelt.

Skisse – investeringstabell helse og velferd

Investering	Tidl. løyv	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	2041	2042	2043	2044	2045	2046	Total inv.kost, fråtrekt investeringstilskot.	Total inv.kost eks investeringstilskot
Ny sjukeheim Straume		5	33	113	302	114																	**567**	**755**
Fjell sjukeheim (rehab)						21	65	173	51														**310**	**432**
Omsorgsbustadar eldre i samarbeid med private				302	-77																		**225**	**302**
Oppgradering Straume bu- og servicesenter								39	87	232	67												**425**	**477**
MMNF - Terna	6	25	23																				**54**	**69**
MMNF - nytt bufellesskap 14 plassar				30	90																		**120**	**60**
MMNF - nytt bufellesskap 14 plassar						30	90																**120**	**60**
Avlastningstilbod barn				10	30																		**40**	**40**
Avlastningstilbod barn			10	30																			**40**	**40**
Rehabilitering Sundheimen																			14	42	111	8	**175**	**278**
Rehabilitering Tednebakkane																22	66	176	70				**334**	**440**
Omsorgsbustadar eldre (40 plassar)					10	29	78	10															**127**	**127**
Omsorgsbustadar eldre (20 plassar)			25	25																			**50**	**21**
Omsorgsbustadar eldre (40 plassar)									10	29	78	10											**127**	**127**
Omsorgsbustadar eldre (40 plassar)													10	29	78	10							**127**	**127**
Omsorgsbustader Rus/ psykisk helse							15	45															**60**	**127**
Totale invest.kostnadar	**6**	**30**	**91**	**510**	**355**	**194**	**248**	**267**	**148**	**261**	**145**	**10**	**10**	**29**	**78**	**32**	**66**	**176**	**84**	**42**	**111**	**8**	**2901**	**3228**